

ASLAK BRIMI

e t t e ' L y k k j a

t̄ TA:LIK TA164CD



ette' Lykkja
Aslak Brimi

ette' Lykkja



Det er i heimgrenda Garmo i Lom eg har musikkrøtene mine. Her var Ola Moløkken (1871-1957) den store spelmannen frå slutten av 1800-talet. Det var ikkje mange kjende spelmenn da Ola var ung og aktiv spelmann. Men rundt Ola vaks det opp eit rikt musikkliv med mange dyktige felespelarar. Dette har halde seg til vår tid. Ola er eit svært viktig bindeledd mellom århundra; mellom dei eldste spelmennene og dei som kom etter. Han var læremeister og stilskapar for alle utover 1900-talet, og er framleis ei viktig kjelde for oss spelmenn i dag.

Eg har hatt som mål å bli betre kjend med Ola Moløkken som spelmann, og opptaka til denne utgjevinga er gjort i samband med ein Ola Moløkken-konsert eg hadde på *Folk* på torsdag på Riksscenen i Oslo hausten 2016.

Med ette' Lykkja meiner eg både musikken vi har frå Ola, samt musikken og musikarane som kom etter han. Ola laga også slåttar, noko som inspirerte yngre spelmenn til å gjere det same. Også meg sjølv. Musikktradisjonen vi har i bygda i dag har framleis mykje Ola i seg.

Min musikk har eg fyrst og fremst etter far min. Far min var på si fyrste øving i spelmannslaget i 1955. Dette var og den siste til Ola Moløkken. Tomrommet etter Ola fylte seg etterkvar med nye og dugande spelmenn. Og slåttane hass Ola blir lærte og brukte. Den store og gjæve spelmannen får framleis fortent merksemd.

Aslak Brimi

Ola kallar denne slåtten **Springleik frå Garmo**. Truleg er det ein slått han lærte av Lars Kjørren. Lars var den i Garmo Ola både lærte av og spelte mest med.

Skålhalling, også kalla skålleik, er eit namn som ofte vart brukt på hallingar i Ottadalen. Desse vart spelt i gjestebod når gjestene skulle gje gaver i skåla til brurparet. Spelmannen lért medan skåla vart sendt rundt. Denne er av dei vi seier Ola er kjelde til, og har vore på repertoaret til Lom Spelmannslag sidan starten.

Dette er ein springleik av Hans W. Brimi. Han nyttar ofte namn frå seterlivet på slåttane sine. Springleiken **Vetigråen** er oppkalla etter ein gråkledd tussekall som går i eitt med stein og gras. Hans såg for seg at det var mange av desse rundt setra. Ola Moløkken derimot var nok ikkje overtruisk, noko denne historia syner: Ein gong opplevde ein fjellmann "fryrorna" (vardøgeret) til Ola i ei fjellbu. Han åtvora Ola om at dette kunne spå han ilt. Da svara Ola: *Nei, skulle eg bli redd kvar gong nokon såg meg i fjellet hadde eg vore daud for lenge sidan!*

Spel-Sissel er ein tone lærta av Hans W Brimi. **Bestemor Vårdalé** er ein springleik Ola Moløkken lærte av Per Spelmann og som var ein av godleikane hass Ola. Alle spelmenn i Garmo nemner slåtten som ein "lykkjeleik". Aslak har lærta denne springleiken av Bjørn Odde.

Dette er **To reinlenderar** i moll lærta av opptak med Hans W. Brimi. Det kan vere at han hadde leikane av Ola Moløkken, dei er liksom i "Lykkje-stil".

Aslak har lærta denne slåtten av opptak med Ola Opheim (1920-2003) frå Vågå. **Storsagje** er ein Fel-Jakup-leik som har vore vanleg i Vågå, som også sjølv sagt storspelmannen Ola Ringneset brukte. Ola Moløkken rekna Ringnesen som ein av sine tre læremestrar.

Dette er ein **Vals av Ola Moløkken**. Ola laga fleire leikar, og denne lyriske valsene har vore jamt brukt av spelmennene i Garmo.

Den fyrste springleiken av desse to kallar Aslak for **Reidar Hagen**. Leiken er laga av spelmannen Reidar Hagen (1917-2011) frå Garmo. Han var i spelmannsmiljøet rundt Ola Moløkken og var med i Lom spelmannslag frå starten. Ola Moløkken lærte springleiken **Sigrid Mo** av Lars Kjørren. Mo er nabogard til Moløkken, og truleg er namnet etter ei Sigrid Mo (1834-1905) som var kone på Mo i si tid.

Fyryspelet hass Ola Moløkken har Aslak lærta av opptak med Hans W. Brimi. Springleiken **Pål Oksel'n** hadde Ola etter Per Spelmann og var ein av godspringleikane hass Ola. Leiken har namnet sitt etter Pål Olsson (1842-1925), ein god dansar frå Bøverdalen. Han vart kalla "Pål Oksel'n" fordi han ei periode var brukar på garden Oksli.

Erling Kjøk skriv at Ola lærde **Memuruallingen** av Per Husom (1836-1903) i Folldalen. Ola sjølv døypte hallingen ein gong hans spelte på Memurubu Turisthytte.

Dette er ein god gammal **Bruremarsj** frå Garmo som Ola lærte av Lars Kjørren. Ola Moløkken og Erling Kjøk spelte bruremarsjen i bryllaupet til Hans W. Brimi i 1945.

Galne-Visten har Aslak lærta av Rolv Brimi. Det er Rolv og Bjørn Odde som er dei viktigaste læremestrane til Aslak. Rolv har lærta denne slåtten frå opptak med Erling Kjøk. Namnet på leiken kjem frå stordansaren Ola Viste i Vågå. Han var kjent for å vere lysten på å slåss.

Springleiken som Aslak kallar **Hans Wiker** er lærta av opptak med Hans Wiker (1889-1971) og Hans W. Brimi. Hans Wiker var frå Lom, han var ein god forteljar og kunne mykje om slåttane sine. Han hadde mange slåttar frå Bøverdalen og etter Per Spelmann. **Skotsken hennar Mari Eklebakken** har Aslak lærta av opptak med Hans W. Brimi. Mari Eklebakken (1869-1970) var budeie på Brimi da Hans var ung. Ho tralla og hulla mykje, og Hans lærte denne skotsken av henne.

Ola var ein gjæv dansespelmann. Pål Kluften (1888-1942) frå Fron kalla Ola for "Ola Valsemeister". Dei mange valsane vi har frå Ola vert ofte berre kalla lykkjevalsar. Her er **To lykkjevalsar**, fyrst ein vals Ola laga sjølv, deretter ein av dei mange tradisjonelle vi har.

Ivar Lillesæter (1845-1924) var byggmeister og spelmann både på fele og durspel. Da Ivar var med og bygde Gjendebru Turisthytte laga han ein flåte av trevirket og segla over Gjende. Ivar sat sjølv på lasset og spelte **Gjendemasurkaen**, som han hadde laga. Ola Moløkken lærde truleg denne masurkaen av Ivar.

Ekstranummer: Fossen er ein springleik som Aslak gjorde i høve diktaren Tor Jonsson sitt 100-årsjubileum i 2016. Leiken er laga til diktet "Fossen" frå samlinga "Jarnnetter" (1948). Slåtten vart framført av Lom spelmannslag under opninga av jubileet. På denne konserten er det Gudbrandsdølenes spelmannslag som spelar.

FOLK PÅ TORSdag



Bjørn Kåre Odde



Geir Thorud



Gudbrandsdølenes spelmannslag

ette' Lykkja

I have my musical roots in Lom in Gudbrandsdalen. At the end of the 1800s Ola Moløkken was one of the greatest fiddler in this area. There were not many well-known fiddlers when Ola was a young and active player. But a rich musical life emerged around Ola, with many good fiddle players. This has continued to the present day. Ola represents a very important link between the centuries; between the oldest fiddlers and those that came along afterwards. He taught many fiddlers and had an influential style, and he is still an important source for fiddlers today.

I have aspired to become better acquainted with Ola Moløkken as a fiddler, and the recordings for this album were made in conjunction with an Ola Moløkken-themed concert I gave at Folk på torsdag at Riksccenen (the Norwegian Hub for Traditional Music and Dance) in Oslo during the autumn of 2016.

By "ette' Lykkja" ("after Lykkja") I mean both the music we have from Ola, as well as the music and the musicians who came after him. Ola also composed tunes, which inspired younger fiddlers to do the same. Myself included. The music tradition we have in the district today still has much of Ola in it.

I learned music first and foremost from my father., Rolv. He attended his first practice with the spelmannslag (fiddlers' association) in Lom in 1955. This was also Ola Moløkken's last. The void left by Ola gradually filled with new, skilled fiddlers. And Ola's tunes continue to be learned and used.

Aslak Brimi



Ola calls this tune **Springleik from Garmo**. This is a tune he learned from Lars Kjørren. Lars was the one Ola both learned from and played the most with.

Skålhalling is a name that was often given to halling tunes in Ottadal. These tunes were played at feasts while guests placed gifts in the bowl for the newly-weds. The fiddler played halling tunes while the bowl was passed around. This tune has been in Lom Spelmannslag's repertoire for many years.

Hans W. Brimi often named his tunes after elements of mountain farm life. **Vetlgråen** is the name of a gnome dressed in grey who blends in with stones and grass. Hans imagined that there were many of these around the mountain farm. Ola Moløkken, on the other hand, was probably not superstitious, as this story illustrates: one time a mountaineer encountered Ola's "spirit predecessor" (vårdøger). He warned Ola that this did not bode well. Ola replied: *If I was afraid every time someone saw me in the mountains, I would have been dead long ago!*

Spel-Sissel is a tune learned from Hans W. Brimi. **Bestemor Vårdalé** is a springleik Ola Moløkken learned from Per Spelmann, and was one of Ola's favourite tunes. All of the fiddlers in Garmo called this tune a "lykke" tune (lykkjeleik). Aslak learned it from Bjørn Odde.

These are **Two reinlendar tunes** learned from a recording of Hans W. Brimi.

Aslak learned the tune **Storsagje** from a recording of Ola Opheim (1920-2003) from Vågå.

This is a **Waltz by Ola Moløkken**. Ola composed several tunes, and this lyrical waltz has been played regularly by fiddlers in Garmo.

Aslak calls this tune **Reidar Hagen** after the composer Reidar Hagen (1917-2011) from Garmo. He was part of the fiddlers' milieu surrounding Ola Moløkken, and was involved in Lom spelmannslag from the group's beginnings. Ola Moløkken learned the springleik

Sigrid Mo from Lars Kjørren. Mo is the neighbouring farm to Moløkken, and the tune is probably named after Sigrid Mo (1834-1905), who was the wife on the Mo farm.

Aslak learned **Fyryspelet hass Ola Moløkken** from a recording of Hans W. Brimi.

Ola had the tune **Pål Oksel'n** after the playing of Per Spelmann, and it was one of Ola's favourites. The tune is named after Pål Olsson (1842-1925), a good dancer from Bøverdalen.

The fiddler Erling Kjøk writes that Ola learned **Memuruhallingen** from Per Husom (1836-1903) in Folldalen. Ola named it when he was playing at Memurubu Tourist Lodge.

This is a good, **Old wedding march** (*Bruremarsj*) from Garmo that Ola learned from Lars Kjørren. Ola Moløkken and Erling Kjøk played this bridal march at Hans W. Brimi's wedding in 1945.

Aslak learned **Galne-Visten** from his father, Rolv Brimi. Rolv, as well as Bjørn Odde, have been Aslak's most important teachers. Rolv learned this tune from a recording of Erling Kjøk.

Aslak named this tune **Hans Wiker**. Aslak learned this springleik from recordings of both Hans Wiker (1889-1971) and Hans W. Brimi. Hans Wiker was from Lom, was a good storyteller, and knew a great deal about the tunes he played. Aslak learned

The skotsk tune of Mari Eklebakken (Skotsken hennar Mari Eklebakken) from a recording of Hans W. Brimi. Mari Eklebakken (1869-1970) was a dairymaid at Brimi when Hans was young. She sang a great deal, and Hans learned this skotsk from her.

Ola was an excellent dance fiddler, and was called "Ola the Waltz Master". The many waltzes we have from Ola are often just called "lykkjevalsar" ("Lykkje" waltzes). This is

Two waltzes, the first tune is a waltz Ola composed himself, followed by one of the many traditional waltzes.

Ola Moløkken probably learned this tune from Ivar Lillesæter (1845-1924). He was a master builder and played both fiddle and accordion. When Ivar helped build Gjendebu Tourist Lodge, he made a raft out of the timber and sailed across Lake Gjende. Ivar sat on the load and played **Gjendemasurkaen**, a tune he had composed.

Aslak composed this springleik, **Fossen**. The tune was written on the occasion of the 100th anniversary of the birth of author Tor Jonsson, inspired by the poem "Fossen" (from the poetry collection "Jarnnetter", 1948).





Opptaka er gjort med publikum på Riksscenen i november 2016.

Teknikar/miksing/mastring: Fridtjof A. Lindeman **Produsent:** Aslak Brimi
Rådgjevar: Rolv Brimi **Grafisk arbeid:** Heidrun Laugsand **Foto:** Thor Hauknes
Tekst: Rolv Brimi og Aslak Brimi **Engelsk omsetjing:** Laura Ellestad **Tekstråd:** Rasmus Stauri **Kjelder for teksta:** Årbok for Gudbrandsdalen 1948, 1957; *Ei spelmannsøge* (Erling Kjøk og Jarnfrid Kjøk) 1995; *Den vare tonen* (Arvid Møller) 1997; *Slátte og leikje* (Knut Kjøk) 2012; ulike private nedskrivingar, kopiar av NRK-radioprogram, og private bandopptak med/av Hans W. Brimi; ulike nedskrivingar om Moløkken av Kåre Sveinhaug **Arrangement:** Bjørn Kåre Odde spor 4 og 10; Ole Foss spor 16; Geir Thorud og Aslak Brimi spor 5, 14 og 15. Dei resterande spora er arrangert av Aslak Brimi **Bilder av Ola Moløkken:** Ola med stonga i Heimfjellet (baksida av cover), og Ola sittande spelande på ein benk er begge frå Hans W. Brimi si private fotosamling; portrett av Ola er lånt av Odd Husom; Ola med bunaden er teke i 1932 før Landskappleiken i Oslo, og lånt av Torstein Moløkken.

Fyrst og fremst takk til Heidrun og Alvild for inspirasjon og tålmod. Takk til mor og far for barnepass, og til far for råd og hjelp med musikken. Takk til Bjørn Kåre, Geir og Gudbrandsdølenes spelmannslag for arbeidet de gjorde i prosjektet og at de ville vere med på denne konserten. Takk til Fridtjof for fantastisk arbeid med opptak og lyd. Takk til Folk på torsdag, og ikkje minst ein stor takk til eit herleg lydhørt og kunnskapsrikt publikum som tilførte energi til konserten! Takk til Thor Hauknes for foto frå konserten, Ole Foss for arrangementet på Fossen, og Kåre Sveinhaug for teksta om ungdomsminna hans om Ola Moløkken. Ein audmjuk takk til Amund, Bjørn, far, og resten av Lom spelmannslag for slåttegrunnlag og inspirasjon. Tusen takk til de som har gjeve økonomisk stønad til prosjektet: Lom spelmannslag, Lom kommune, Rådet for folkemusikk og folkedans og Norsk Kulturråd.

©2017 ta:lik | info@talik.no | www.talik.no | ©2017 Aslak Brimi | aslakbrimi@gmail.com



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



*Kunsta må vera som det rennande vatn:
Det må vera levande samanheng med utspringet,
men alltid med friske tillau.*

ta:lik

-
- | | |
|--|--|
| 1 : Springleik frå Garmo __ 1:58 | 9 : Fyryspelet hass Ola Moløkken / Pål Oksel'n __ 3:59 |
| 2 : Skålhalling __ 2:21 | |
| 3 : Vetlgråen __ 2:41 | 10 : Memuruuhallingen __ 3:10 |
| 4 : Spel-Sissel / Bestermor Vårdalé __ 4:03 | 11 : Bruremarsj __ 2:05 |
| 5 : To reinlendarar __ 3:31 | 12 : Galne-Visten __ 2:52 |
| 6 : Storsagje __ 3:33 | 13 : Hans Wiker / Skotsken hennar Mari Eklebakken __ 4:19 |
| 7 : Vals av Ola Moløkken __ 2:00 | 14 : To lykkjevalsar __ 2:20 |
| 8 : Reidar Hagen / Sigrid Mo __ 3:36 | 15 : Gjendemasurkaen __ 2:26 |
| | 16 : Fossen __ 2:38 |

